

Uskedalen har ein sentral plass i Turlagsprogrammet.

30.05.2019



I turprogrammet til Bergen- og Hordaland Turlag finn vi 5 tilbod lagt til Uskedalen.

Uskedalen har ein sentral plass i Bergen- og Hordaland sitt turprogram TIL FJELLS for sommaren 2019. Heile 5 ulike turar/tilbod er lista opp i katalogen. Det startar alt neste helg med Klatre- og fjellsportsamling. Så kjem det tilbod om to fjellturar under Festidalen. Straks etter kjem eit vekekurs i klatring i Eikedalen. I september er det Basecamp Uskdalen på dagane 6. - 8. sept. I tillegg vert det regi av Friluftsrådet Vest straks etter jonsok skipa til 3 dagars leir med klatring, kajakk og campingliv i Uskedalen.

Her har vi lista opp tilboda, henta frå turprogrammet til Bergen- og Hordaland Turlag:

- 7. - 10. juni: Klatre-og fjellsportsamling
- 28. juni: Festidalen - tur til Englafjell
- 29. juni: Festidalen - tur til Manen
- 1. - 7. juli: Vekekurs i fjellklatring i Eikedalen
- 6. - 8. september: Basecamp Uskedalen

All påmelding er til [www.bergenoghordalandturlag.no](http://www.bergenoghordalandturlag.no)

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Frå katalogen TIL FJELLS



I gruppa DNT UNG finn vi aktive medlemmer frå Uskedalen. Nr. 1 f.v: Veslømøy Haugland. Nr. 4 f.v: Anine Enes.